



# Aukra kommune

## **Konkurransesgrunnlag Del I**

### **Open anbodskonkurranse**

### **Ny utlysning vintervedlikehald i Aukra kommune**

### **Rode 5**

..

**INNHOLD**

<b>Del I Vilkår for konkurransen .....</b>	<b>3</b>
<b>1 Informasjon om anskaffinga.....</b>	<b>3</b>
1.1 Presentasjon av oppdragsgivar.....	3
1.2 Reglar og prosedyre for konkurransen.....	4
1.3 Anskaffingas formål.....	4
1.4 Avtaleperiode.....	4
1.5 Avtalevilkår.....	4
1.6 Planlagt framdrift.....	4
1.7 Spørsmål til konkurransegrunlaget.....	5
1.8 Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunlaget.....	5
<b>2 Krav til leverandøren – kvalifikasjonskrav .....</b>	<b>5</b>
2.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav.....	5
2.1.1 Skatteattester.....	5
2.1.2 HMS-eigenerklæring.....	5
<b>3 Krav til tilbodet.....</b>	<b>6</b>
3.1 Tilbodets utforming og levering.....	6
3.2 Tilbodsfrist.....	6
3.3 Alternative tilbod.....	6
3.4 Tilbod på deler av oppdraget.....	6
3.5 Endre og tilbakekalle tilbod.....	6
3.6 Komplettert tilbod – tilbodets innhald og disposisjon.....	6
<b>4 Oppdragsgjevars behandling av tilboda .....</b>	<b>7</b>
4.1 Registrering av tilbod.....	7
4.2 Tilbodsopning.....	7
4.3 Avvising av leverandører.....	7
4.4 Avvising av tilbod.....	7
4.5 Forhandlingar.....	7
<b>5 Avgjersle av konkurransen.....</b>	<b>7</b>
5.1 Tildelingskriterier.....	7
5.2 Innstilling på kontraktstildeling.....	8
5.3 Avlysing av konkurransen og totalforkasting.....	8
5.4 Opplysningsplikt.....	8
<b>Vedlegg 1 Mal for HMS-eigenerklæring.....</b>	<b>10</b>

---

## Del I Vilkår for konkurransen

### 1 Informasjon om anskaffinga

#### 1.1 Presentasjon av oppdragsgivar

Aukra kommune, Eining TET, ønsker tilbud på innleie av maskiner og mannskap til snøbrøyting/rydding og strøing av kommunale veger, fortau og parkeringsplassar. På rode 5.

Aukra kommune har ca. 52 km kommunal bilveg og ca. 32. km gang- og sykkelveg.

For meir informasjon om Aukra kommune, sjå [www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no)

Anskaffelsesverdi ligg på 450.000,- kr ink. Mva. pr år.

Godtgjering for innleie av maskiner, fortrinnsvis hjullastarar, lastebil og traktorar til vintervedlikehold er todelt og består av:

#### a) fast beredskapsgodtgjering pr. sesong

Beredskapsgodtgjørelse pr. rode er definert ut i frå kva kategori rodene er sett i. Kategoriane er sett ut i frå kva utstyr det er krav om for å drifte rodene.

Rode 5

Beredskapssatsane for dei ulike kategoriane er sett til:

Kategori 1: 185.000,-

Kategori 2: 200.000,-

Kategori 3: 225.000,-

Ovanfor nemnde beløp utbetalast for kvar sesong uavhengig av forbruk av timar.

Godtgjersla skal dekkje telefon/mobiltelefon, beredskap i kontraktperiodane, faste utgifter til maskin og alle administrative kostnader i samband med kontrakt.

Beredskapssummen skal samsvare med tilbydd utstyr og kompleksiteten i roda. Der oppdragsgjevar meiner tilbudd beredskapssum ikkje er i samsvar med utstyr og kompleksitet på roda kan oppdragsgjevar be om forhandling av denne.

Beredskapssummane vil og bli vurdert i samband med marknaden elles i området.

#### b) tilbudd timepris, både med og utan utstyr

I tillegg til beredskapsgodtgjersla skal oppgjer skje etter brukt tid etter ein tilbydd timepris. Timepris er fast gjennom heile sesongen.

Timesatsen indeksregulerast kvar sesong ut frå Statistisk Sentralbyrås prisindeks for vinterdrift av veger. Prisendringar er basert på endringar i 2. kvartal 2018.

## 1.2 Reglar og prosedyre for konkurransen

Anskaffelsen gjennomføres i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974, del I og del III. Kontraktstildeling vil bli foretatt etter prosedyren åpen tilbudskonkurranse jfr. FOA. Dette er en anskaffingsprosedyre som ikkje tillét forhandlingar.

Konkurransegrunnlaget består av to deler:

Del I: Vilkår for konkurransen (dette dokumentet) med eit vedlegg

Del II: Avtale og Bilag til avtale

## 1.3 Anskaffingas formål

Anskaffinga gjelder vintervedlikehold av 5 definerte områder (roder) i Aukra kommune. I tillegg er det ei kommunal rode som kommunen skal vedlikehalde med eige utstyr. Tildeling av oppdrag vil bli gjort pr. den enkelte rode.

Rode 2 blir ikkje lyst ut då denne skal driftast av Aukra kommune.

## 1.4 Avtaleperiode

Avtalen gjelder frå 20.10.20 til 15.04.22 og kan forlengast med gjensidige opsjonar.

Kontrakten kan gjensidig kunne seiast opp med 3. månaders varsel viss oppseiinga kan grunnjevast ut frå forhold som partane ikkje hadde kjennskap til ved kontraktsinngåing.

Kontraktøren kan ikkje seie opp av avtalen i tidsrommet 1. juli - 1. februar. Dette for å hindre at kommunen blir ståande utan leverandør i vinterhalvåret.

## 1.5 Avtalevilkår

Anskaffinga skal reguleras av vedlagte forslag til avtalevilkår med bilag, jf. konkurransegrunnlagets Del II, avtalevilkår og bilag.

## 1.6 Planlagt framdrift

Det er lagt opp til følgjande tidsrammer for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt inngåast. Med unntak av tilbudsfristen er datoane nedanfor foreløpige og kan bli endra.

Planlagde milepælar	Fristar
Tilbudsfrist	13.07.2020 kl. 1300
Siste frist for spørsmål om konkurransegrunnlaget	03.07.2020 kl. 1500
Oppdragsgivar gir skriftlig melding om val av leverandør	20.07.2020
Frist for eventuell klage på val av leverandør	Innan 10 dagar etter val av leverandør
Kontrakt inngåing.	Snarast etter utløp av klagefrist

## 1.7 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Dersom tilbydar har spørsmål som han ser som naudsynt å få svar på for å kunne utarbeide tilbudet, skal disse stillast skriftleg til oppdragsgivar. Spørsmål skal være stilt innan 03.07.2020 kl. 1500. Spørsmål som kommer inn etter fristen vil ikkje bli svart på. kven som er spørsmålsstillar, vil ikkje bli oppgitt.

Alle spørsmål skal være skriftlige og sendas pr. e-post til:

Kontaktperson:	Innkjøpskonsulent Dirk Lungwitz
Postadresse:	Molde kommune Økonomiavdelingen ROR-Innkjøp
E-post:	<a href="mailto:dirk.lungwitz@molde.kommune.no">dirk.lungwitz@molde.kommune.no</a>

## 1.8 Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget

Innan tilbodsfristens utløp har oppdragsgivaren rett til å foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentlig karakter.

Rettingar, suppleringar eller endringar skal straks sendast til alle som har motteke konkurransegrunnlaget. Opplysningane som oppdragsgivaren gir på spørsmål frå ein leverandør, skal også straks gis til alle dei andre leverandørane.

Dersom rettingane, suppleringane eller endringane som nemnt i første ledd kommer so seint at det er vanskelig for leverandøren å ta omsyn til det i tilbudet, skal det fastsetjast ein forholds messig forlenging av tilbodsfristen. Samlege leverandører skal varslas om forlenginga

## 2 Krav til leverandøren – kvalifikasjonskrav

### 2.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav

<b>Dokumentasjon:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skatteattest for meirverdiavgift</li> <li>• Skatteattest for skatt</li> <li>• HMS-eigenerklæring</li> </ul>
-----------------------	--

#### 2.1.1 Skatteattester

Norske leverandører skal legge fram skatteattestar for meirverdiavgift og skatt (skjema RF-1244). Skatteattestane for både skatt og meirverdiavgift kan bestillast frå leverandørens lokale kemner/kommunekasserar og Fylkesskattekontor. Attestane skal foreligge innan tilbodsfristens utløp, og de skal ikkje være eldre enn 6 månader regnet frå tilbodsfristens utløp.

#### 2.1.2 HMS-eigenerklæring

Leverandører som skal utføre arbeid i Norge, skal legge fram ein eigenerklæring om at leverandøren oppfyller, eller ved eventuelt tildeling av kontrakt vil oppfylle, lovbestemte krav i Norge når det gjelder helse, miljø og sikkerhet. Eigenerklæringa skal ligge føre innan tilbodsfristens utløp.

Skjema for HMS-eigenerklæring følgjer som vedlegg 1.

### 3 Krav til tilbudet

#### 3.1 Tilbudets utforming og levering

1. Tilbudet skal være skriftlig og innehalde et tilbodsbrief som skal vere datert, underteikna og stempla med firmaets namn.
2. Tilbudet skal være merket: ”**Tilbud –Vintervedlikehald Aukra kommune.**”
3. Tilbudet skal leveras på norsk.
4. Tilbudet skal leverast elektronisk.

#### 3.2 Tilbudsfrist

Siste frist for innlevering av tilbud er **13.07.2020 kl. 1300**. Tilbudet skal være mottatt av oppdragsgivar på innleveringsstaden, før utløpet av tilbudsfristen.

For seint innkomne tilbud vil bli avvist.

#### 3.3 Alternative tilbud

Det er ikkje anledning til å levere alternative tilbud.

#### 3.4 Tilbud på deler av oppdraget

Det er moglegheit til å gi tilbud på ei eller fleire roder. Ved tilbud på fleire roder, vil roder med færrest tilbydarar vil bli prioritert først.

#### 3.5 Endre og tilbakekalle tilbud

Et tilbud kan tilbakekallast eller endras inntil tilbudsfristens utløp. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Endring av tilbudet er å betrakte som et nytt tilbud og skal utformas i samsvar med punkt 3.1.

#### 3.6 Komplette tilbud – tilbudets innhald og disposisjon

Komplette tilbud skal ha følgjande disposisjon og bestå av følgjande nummererte punkter:

1. Tilbodsbrief. Eventuelle atterhald som ikkje går fram av punkt 5 nedanfor skal tydelig framkomme av tilbodsbriefet
2. Dokumentasjon på leverandørens kvalifikasjonar
  - 2.1 Skatteattester (meirverdiavgift og skatt)
  - 2.2 HMS-eigenerklæring
3. Løysningsbeskriving, som er leverandørens svar på oppdragsgjevars kravspesifikasjon. jf. Del II Bilag 1 og 2
4. Pris.
5. Eventuelle atterhald til avtalevilkåra.

Alle svar skal gis under dei respektive punkta og ikkje i form av kryssreferansar.

## 4 Oppdragsgjevars behandling av tilboda

### 4.1 Registrering av tilbod

Tilboda leverast inn elektronisk via [www.mercell.com](http://www.mercell.com).

Alle tilbod som blir levert inn blir registrert elektronisk.

### 4.2 Tilbodsopning

Tilbodsopning finn stad 14.07.0.2020 kl. 1400.

Det blir ikkje gjennomført offentlig tilbodsopning.

### 4.3 Avvising av leverandører

Oppdragsgivar skal etter FOA § 24-2 (1) avvise leverandører som blant anna:

- a) ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava.
- b) ikkje har oppfylt sine forpliktelser til å betale skatter, avgifter og trygdeavgifter i den staten han er etablert

### 4.4 Avvising av tilbod

Oppdragsgivar skal etter FOA § 24-8 (1) avvise tilbodet når det blant anna:

- a) ikkje kan anses bindende
- b) inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta.
- c) er unormalt lavt i forhold til ytelsen

Oppdragsgivar kan avvise tilbodet dersom vilkåra i FOA § 24 -8 (2) er tilstade.

### 4.5 Forhandlingar

Det er ikkje anledning til å forhandle jf. FOA § 13-1 (1).

## 5 Avgjersle av konkurransen

### 5.1 Tildelingskriterier

Tildelinga skjer på grunnlag av kva tilbod som er det mest økonomisk fordelaktige for oppdragsgivar, basert på følgjande kriterium:

#### 1. Køyrety, vekt 20 %,

Her vurderer vi type kjøretøy, alder, hestekrefter, akseltrykk og reserveløysing/verkstadavtale ved havari.

#### 2. Utstyr, vekt 15 %,

Her vurderer vi type utstyr, alder og reserveløysing/verkstadavtale ved havari.

**3. Pris, vekt 50 %,**

Her vektas tilbydd timepris brøyting og strøying, strøsand per m<sup>3</sup> og beredskapssum.

**4. Eignaheit, vekt 15 %**

Her vurderer vi kor godt tilbodet egner seg til roden, basert på punkt 1 og 2.

Opplysningar under punkt 1,2 og 3 fyller ut i vedlagte tilbodsskjema.

Det enkelte tildelingskriterium vil bli karaktersett. Vi nyttar en karakterskala frå 0,0-10,0, der 0 er dårlegast og 10 er best.

**5.2 Innstilling på kontraktstildeling**

Oppdragsgivars avgjerd om kven som skal tildelas kontrakt, skal varslas skriftlig til alle deltakarane samtidig i rimelig tid før kontrakt inngåas. Med "kontrakt er inngått" meinast tidspunktet da begge parter underteiknar kontrakt.

Meldinga skal innehalde ei grunngjeving for val av tilbydar og gi en frist for leverandøren til eventuelt å klage over avgjerda.

**5.3 Avlysing av konkurransen og totalforkasting**

Oppdragsgivar har rett til å avlyse konkurransen dersom det er saklig grunn til dette, jf. FOA § 25-4 (1).

Saklig grunn vil her typisk kunne være manglande konkurranse, uventa endringar i bevilgningene, pris langt over budsjett etc.

**5.4 Opplysningsplikt**

I tillegg til med informasjon som skal gis ved kontraktstildeling, jf. punkt 5.2, skal oppdragsgivar gi skriftlig melding med en kort grunngjevnad dersom:

- tilbodet avvisast eller
- oppdragsgivar bestemmer seg for å forkaste alle tilboda eller avlyser konkurransen, jf. punkt 5.3.

Leverandøren kan skriftlig be om ein nærare grunngjeving for:

- kvifor tilbodet er avvist eller
- kvifor tilbodet ikkje blei valt

Oppdragsgivar plikter å svare på denne førespurnaden seinast 15 dagar etter at den er motteke.

Molde, . mai 2020



---

Helge Dahle  
Innkjøpssjef

---

Dirk Lungwitz  
Rådgiver Innkjøp

---

## Vedlegg 1 Mal for HMS-eigenerklæring

Denne stadfestinga gjeld:

Firma

Adresse

Postnr./-stad

Land\*

Det bekreftast med dette at denne verksemda arbeidar systematisk for å oppfylle krava i helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga og ved det tilfredsstillende krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og sarbeid i verksemda (Internkontrollforskriften) fastsett ved kgl. res. 6. desember 1996 nr. 1127 i medhold av lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidervern og arbeidsmiljø mv.

Det stadfestas at verksemda er lovlig organisert i høve til gjeldande skatte- og arbeidsmiljøregelverk når det gjelder ansettes faglege og sosiale rettigheter. Det er akseptert at oppdragsgjevar etter anmodning vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemdas system for ivaretagelse av helse, miljø og sikkerhet.

Daglig leder (sign.)

Dato:

Det bekreftas med dette at det er **iverksett** systematiske tiltak for å oppfylle ovan nemnde krav i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Representant for de ansette (sign.)

Dato:

---

*\* For utanlandske oppdragstakarar gjeld følgjande:*

Det bekreftas med dette at det ved utarbeiding av tilbodet er tatt omsyn til helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga som følgjer av forskrift om systematisk helse, miljø- og sikkerhetsarbeid i versenmder (Internkontrollforskriften), fastsatt ved kgl. res. 6 desember 1996 i medhald av lov 17. juni 2005 2005 nr. 62 om arbeidervern og arbeidsmiljø mv.

Det aksepteras at oppdragsgivar etter anmodning vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemdas system for ivaretaking av helse, miljø- og sikkerhetsarbeid.  
Forpliktande underskrift:

Daglig leiar  
(sign.)

Dato: